

Sigurd Skirbekk:

## **Gamle grenser for ny fylkessamanslåing**

Dag og Tid 07.10-2016

Ikkje før har vi, for denne gongen i alle fall, vorte ferdige med å diskutera kommunesamanslåing, så har debatten om endring av administrative grenser her i landet gått over til ein diskusjon om samanslåing av fylke til større regionar.

Først ute var vestlendingane, med forslag om å slå saman dei tre fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Deretter kom politikarar frå grannekommunane til Oslo som ville maltraktera Akershus fylke ved å slå saman desse til ei administrative eining. (Jfr. Asker og Bærum Budstikke 23.09.)

Eg har to grunnar for å hevda at denne debatten så langt har kome ut nokså skeivt. For det første er det uheldig at politikarar i visse område av landet tek seg til rette på denne måten. Ei endring av fylkesgrensene må så avgjort vera eit nasjonalt prosjekt. Dessutan gir administrative og næringspolitiske premisser alt for få dimensjonar til debatten.

Men så melder spørsmålet seg: Kva for grenser for større einingar er mest naturlege? At dei to Agderfylka og dei to Trønderfylka kunne gå saman, er i ein slik samanheng det minst problematiske. Men elles kan det argumenterast både for den eine og den andre "løysinga"; og det er slett ikkje sikkert at dei grensedragingane som regjeringa har foreslått, er dei beste. Heller ikkje samanslåinga av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane er heva over diskusjonen. – Har ikkje Sogn og Fjordane eigentleg

meir til felles med Møre og Romsdal enn med Rogaland? Og har ikkje Rogaland vel så mykje felles med Agderfylka som med Sogn?

Frå gamalt av var Noreg delt inn i tingsete, som framleis i ein viss mon gjeld i rettsvesenet her i landet. Den gamle inndelinga var Borgarting, med sentrum i det som i dag heiter Sarpsborg, og som strekte seg frå svenskegrensa til Risør. Oslofjordområdet ville vi i dag kalla ein slik region. Dessutan hadde vi det Indre Austlandet, styrt av Eidsivating, med sentrum på Eidsvoll. (Rett utanfor prestegarden på Eidsvoll, der Camilla og Henrik Wegeland voks opp, står det i dag ein stor stein med påskrifta: HER STO EIDSIVATINGET.) I Vest hadde vi Gulatinget, med sentrum i Gulen. Dessutan Frostatinget for det nordafjeldske Noreg, av og til supplert med Øretinget.

Dersom vi tek utgangspunkt i kultur og språk, og ikkje berre i næringsliv, service og kommunikasjonar, kan vi få eit anna bilete enn det som regjeringa har lagt opp til. Dermed er vi over i den andre innvendinga som eg vil argumentera for. Sogn og Fjordane, og Hordaland har etter fleire dimensjonar meir sams med Møre og Romsdal enn med Rogaland. Etter ei slik inndeling kunne til dømes nynorsken vera sikra status som administrativt hovudmål i ein region for norvestlandet.

Når språk i denne samanhengen blir viktig, er det ikkje berre fordi folks personlege identitet i stor grad er knytt til språket. Språk er også ein manifestasjon av mentalitet; og dermed for sosial orientering, som i sin tur kan bestemma akseptable omgangsformer og ulike innstillingar til arbeid.

Det kunne her skytast inn at gammelpresten i Lardal i Vestfold uttalte for ein del år sidan, på knitrande bergensk, at han kjende seg nærare Gud når han forretta på nynorsk enn når han preika på bokmål. Det han ville ha fram var at nynorsken har dimensjonar med røter som går lenger tilbake i historia enn røtene til bokmålet, og at han slik sett kunne koma nærare mentaliteten til eldre kyrkjelydar som var meir religiøse enn vi er i dag.

Jamvel om bokmålet har fleire føremoner, så er det eit språk med kort historie, og som dermed kan innby til ein bråkjekk mentalitet tilpassa ein tidsperiode der framsteg og individuell frigjering har vore einaste målestokken. Men ser vi framover, kan ei slik orientering innskrenka fantasien for utviklinga av framtidige livsformer i ei verd prega av ressursknappheit.

Alt i alt er det er mange dimensjonar som burde vore trekt inn i diskusjonen om kva slags grenser som ville vore mest tilpassa eit framtidig Noreg.